Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Tilleggsspørsmålnr.

Emne:

Oppskr. av: Jörgen Skjæveland

(adresse): Vikeså

Fylke: Rogaland

Herad: Bjerkreim

Bygdelag: Nedre bygda

Gard: Hetland.

G.nr. Br.nr.

~~A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.~~

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Anna Skjæveland Hetland, Bjerkreim 80 år.

SVAR

Julebukk og julegeit.

Me veit dei gjekk julabukk for 100 år sidan for å skrema gamle redde folk. Koss dei kledde seg ut veit me ikkje så vel. Dei hadde visstnok ikkje maske, sl (Me veit ikkje om det) Men dei kasta over seg eit åklede eller ei skinnrugga (= skinnrye) og laga seg to horn av stavar. Me veit at det var ein som fyllte vottar med halm og batt fast ut i enden på horna. Ein annan laga seg to hangande horn av to lange, tjukke pölser. Og så kom dei krypande utkledde på denne måten inn gjennom döra.

6638

Emne nr. 30: Köyre-uksar.

Ein har aldri, korkje för eller no fortida, köyrt med ukse i mi bygd eller i grannebygdene. Gamle folk har aldri höyrt gjete dette.